



Møteprotokoll for Kommunestyret i Radøy

Møtedato: 21.09.2017
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 18.00

Det vert Spørjetime kl. 18.00.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Morgan Taule	AP	Medlem
Torill Helland	AP	Medlem
Liv Berit Rath	AP	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Vidar Grindheim	H	Medlem
Normann Sæbø	H	Medlem
Henning Haugland	H	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem
Wenche Linda Kalnes Tveranger	FRP	Medlem
Silje Namtvedt	SP	Medlem
Dag Sætre	SP	Medlem
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Leif Gunnar Taule	SP	Medlem
Martin Soltveit	SP	Medlem
Laila Seilfaldet Pletten	SP	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Medlem
Ståle Villanger	V	Medlem
Agnes Hoshovde Bernes	V	Medlem
David Pletten Aasgard	KRF	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
--------------------------	-------	------------------

Siv Beate Marøy	H	Christel Villanger Håland - H
Olav Steinar Namtvedt	SP	Sara Hamre Sekkingstad - SP

Følgjande frå administrasjonen møte: Rådmann Jarle Landås, økonomisjef Sveinung Kvamme, møtesekretær Arthur Kleiveland.

Dagleg leiar i Aufera, Kari Smith, orienterte i sak 43/2017.

Saksliste

Saksnr	Tittel
037/2017	Meldingar og referatsaker
038/2017	Rullering av handlingsplan i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026
039/2017	Salsløyve for Bunnpris Austmarka 2017-2020
040/2017	Overføring av vigselsrett frå tingretten til kommunane
041/2017	Budsjettregulering haust 2017
042/2017	Kjøp av gnr 45 bnr 188, DPS bygget på Manger
043/2017	Kommunal garanti for lån - Aufera AS
044/2017	Mandat og reglement for fellesnemnda Alver kommune

037/2017: Meldingar og referatsaker

Behandling:

Fylkesveg-budsjett: Ordførar Jon Askeland orienterte om eit møte med Statens vegvesen om fylkesveg-utfordringane i Radøy.

Ordføraren presenterte også fylkesadministrasjonen sitt framlegg til investeringsprogram på vegsektoren i Hordaland. Formannskapet skal gje sin uttale til investeringsprogrammet på sitt neste møte. Han konstaterer at det kan bli ein knallhard kamp for små midlar, til t.d. punktutbetringar, skulevegar og møteplassar.

Olav Steinar Namtvedt (SP) oppmoda kommunen til å jobba for å få midlar til tilførselsvegar i samband med ny fylkesveg Marås-Soltveit. Han understreka behovet for å få trafikken utanom idrettsanlegget/samfunnshuset på Sletta.

Normann Sæbø (H) påpeika også større fokus på framdrift i planane for Sambandet Vest.

Formannskapet tok meldingar og referatsaker til orientering.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

038/2017: Rullering av handlingsplan i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026

Behandling:

Silje Namtvedt (SP) er opptatt av at barn og unge skal læra seg å symja. Ho meiner det kan vera ein god tanke å gje alle skuleborn eit gratis klyppekort til bassenget i Radøyhallen.

Olav Steinar Namtvedt (SP) viste til drøftingane i idrettsrådet og sette fram følgjande tilleggsframlegg i punkt 3 i handlingsplanen - aktivitetar:

- vurderer gratis halltid i Radøyhallen/sømjehallen for aktivitetar for barn og unge i regi av lag og organisasjonar.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Radøy kommune sin handlingsplan for idrett-, friluftsliv- og nærmiljøanlegg 2018 – 2021 vert vedteke slik den ligg føre, med følgjande tillegg:

- Under nærmiljø-anlegg i handlingsplanen (uprioritert tiltak) vert det tatt inn eit punkt om anlegg for frisbee-golf på Manger.

- I handlingsplanen - aktivitetar: - vurderer gratis halltid i Radøyhallen/sømjehallen for aktivitetar for barn og unge i regi av lag og organisasjonar.

039/2017: Salsløyve for Bunnpris Austmarka 2017-2020

Behandling:

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

Vedtak:

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-5, 1-6, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, 3-7, 3-9 gjev kommunestyret salsløyve til Austmarka Mat AS, org.nr. 919076739. Vilkår og spesifikasjonar er gjevne her:

1. Salsløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 01.07.2017 til 30.06 2020.
3. Løyvet gjeld på utsalstaden Bunnpris Austmarka, Søre Austmarka 9, 5938 Sæbøvågen.
4. Styrar for løyvet er Christian Næss med May Sissel Hopsdal som stadfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgde.
6. Salstida gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikk* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av mattilsynet og branntilsynet.

040/2017: Overføring av vigselfrett frå tingretten til kommunane

Behandling:

Silje Namtvedt (SP) meiner kommunen også må kunne opna for vigselfseremoni i "Guds frie natur".

Leif Taule (SP) meiner kommunen må leggja opp til at det også kan gjennomførast vigselfer på høvelege stader utandørs, t.d. i Tjorehagen og tilsvarande lokalitetar.

Rådmann Jarle Landås peika på at kommunen i utgangspunktet står ganske fritt til å peika ut eigna stader til vigselfseremoni, men at det er nødvendig med ei avgrensing av aktuelle stader.

Kenneth Taule Murberg (H) meiner gjennomføring av vigselfer t.d. i Tingstova er god marknadsføring av området.

Ordførar Jon Askeland konkluderte med at rådmannen kjem attende med ein plan for gjennomføring av kommunal vigselfseremoni.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

Vedtak:

Kommunestyret gir rådmannen delegert mynde til å gjennomføra kommunal vigself, og til å delegera vigselfsmynde til andre.

Tingstova er ein veileigna stad for vigsler. Rådmannen får fullmakt til å jobba vidare med aktuelle stader og til å peika ut kva lokale som kan brukast.

041/2017: Budsjetterregulering haust 2017

Behandling:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om budsjetterreguleringa.

Leif Taule (SP) framheva behovet for oppgradering av Radøyhallen. Han peika også på behovet for nye stolar og bord i hallen.

Etter eit gruppeleiar møte sette Taule fram følgjande fellesframlegg:

Det vert gjort følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

Radøyhallen - vidare oppgradering garderobar,	
kjøp av stolar og bord	+ 1.000.000
Bø barnehage	- 1.000.000

Rådmann Jarle Landås opplyste at administrasjonen har utarbeidd forslag til prioriteringsliste for vedlikehald for Radøyhallen. Det vart også ei drøfting kring behov for kommunale bustadar, t.d. ved sanering/oppgradering og betre utnytting av dagens bustader og mogleg kjøp av ny bustad.

Henning Haugland (H) meiner administrasjonen må leggja fram ei oversikt som viser kva ressursar som har gått med ved omlegging frå områdeplan til kommunedelplan på Bø.

Kenneth Taule Murberg (H) stilte spørsmål om status for kommunedelplanen på Bø, og om det er behov for ytterlegare midlar til reguleringsplan for Bø barnehage.

Rådmann Jarle Landås viste til at utkast til kommunedelplan for Bø kjem til handsaming i neste møte i formannskapet. Han sa at ressursbruk knytt til planarbeidet er eit reknestykke som vil krevja ressursar og som nødvendigvis vil ta tid å utarbeida.

Martin Soltveit (SP) etterlyste status for høgdebasseng i Haukåsen. Rådmannen svara at kommunen for å koma vidare er avhengig av å få på plass ein avtale med grunneigar.

Silje Namtvedt (SP) viste til at brannsjef-stillinga blir auka frå 25 til 50 prosent, og stilte spørsmål ved om dette vil svekka teknisk drift. Rådmannen svara at auke i brannsjef-stillinga vil medføra at teknisk drift vil få frigjort midlar.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga med endringsframlegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Budsjettet for 2017 vert regulert i samsvar formannskapstilrådinga - skjema1a og 1b, og med fellesframlegg sett fram i møte med følgjande endring i skjema 2b:

Det vert gjort følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

Radøyhallen - vidare oppgradering garderobar,	
kjøp av stolar og bord	+ 1.000.000
Bø barnehage	- 1.000.000

042/2017: Kjøp av gnr 45 bnr 188, DPS bygget på Manger

Behandling:

Rådmann Jarle Landås informerte om at salet av "Solhall-bygget" (tidl. DPS-bygget) etter nærare dialog med Helse Bergen vert gjennomført frå 1.1. 2018.

Formannskapet vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

Vedtak:

Radøy kommune kjøper egedomen gnr 45 bnr 188 (DPS-bygget) frå Helse Bergen for avtalt kjøpesum kr 12,5 mill + dokumentavgift og tinglysningsgebyr, til saman kr 12.813.025,-. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale om kjøp.

Finansiering:

Refusjon Hordaland fylkeskommune kr 2.500.000

Bruk av unytta lånemidlar: kr 7.400.000

Redusert løyving til Bø barnehage i 2017: kr 2.913.000

043/2017: Kommunal garanti for lån - Aufera AS

Behandling:

Vidar Grindheim (H) er styremedlem i Aufera, og Else Marie Skartveit Dale (KrF) og Morgan Taule (AP) er medlemmer i generalforsamlinga i bedrifta. Kommunestyret erklærte dei som ugilde i denne saka, og dei deltok ikkje i handsaminga.

Dagleg leiar i Aufera, Kari Smith, orienterte om attførings- og VTA-bedrifta sine planar. Bedrifta har stort behov for større lokale, både til drift og lager. I dag er drifta for tungvindt.

Kari Smith peika på at lokalitetane på Manger-kaien vil gje bedrifta moglegheiter til å utvida tilbodet. Ho meiner det kan vera aktuelt med t.d. sommarkafe på kaien og mogleg andre fascilitetar for båtfolket.

Lokala som Aufera skal overta på Manger-kaien, vil også vera såpass store at det er aktuelt med utleige, t.d. til kontorlokale og lagerplass.

Kari Smith meiner det er viktig med ei satsing som det no vert lagt opp til, for at bedrifta skal vera liv laga i framtida. Ho meiner bedrifta representerer eit viktig tilbod som VTA-bedrift i denne delen av regionen.

Aufera er eigd av kommunane Radøy, Austrheim og Fedje. Rådmannen sa at Radøy kommune står som garantist, men at det vert inngått ein avtale mellom Radøy og dei to andre eigarkommunane om å ta sin del av det økonomiske ansvaret.

Dei som tok ordet i kommunestyret gav uttrykk for at Aufera er ein svært viktig arbeidsplass for den

gruppa arbeidstakarar som er knytt til verksemda.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilsrådinga.

Vedtak:

Radøy kommune garanterer med sjølvskuldnargaranti for lån i Kommunalbanken som Aufera AS tek opp til kjøp av eigedom på Manger kai, tidlegare Manger fiskemat.

Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 3.500.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av mogelege påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 3.850.000.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphøyrer etter 20 år, med tillegg av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.

Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Hordaland.

044/2017: Mandat og reglement for fellesnemnda Alver kommune

Behandling:

Ordførar Jon Askeland peika på at mandat og reglement som no blir vedteke for fellesnemnda, skal fungera i heile prosjektperioden fram til ny kommune i 2020.

Normann Sæbø (H) retta søkjelyset mot prosessen med tilsetjing av prosjektansvarleg/rådmann i Alver kommune. Han undra seg over at det i bygging av ny kommune ikkje blir gjort ekstern utlysing av denne stillinga for å sjå etter tilgjengeleg kompetanse.

Kenneth Taule Murberg (H) fann grunn til å kritisera sider ved handteringa vedkomande intern/ekstern utlysing av rådmann. Han framheva kor viktig det er å diskutera alle sider om ny kommune på ein open måte.

Leif Taule (SP) meiner stillinga som prosjektansvarleg/rådmannen burde vore lyst ut på eit tidlegare tidspunkt. Han oppmodar dei som skal gjera tilsetjinga om å vurdera åremåls-tilsetjing.

Olav Steinar Namtvedt (SP) er oppteken av at fellesnemnda i størst mogleg grad involverer flest mogleg i sitt arbeid og prosessen fram mot ny kommune. Han stilte også spørsmål ved i kor stor grad dagens kommunestyre blir involvert i fellesnemnda sitt arbeid.

Ordførar Jon Askeland minna om at fellesnemnda i størst mogleg grad skal vera eit konsensus-organ i sitt arbeid med å rigga Alver kommune klar til drift frå 1.1.2020. Fellesnemnda skal rapportera og informera dei tre kommunestyra og innbyggjarane, men etter kvart vil det vera sterkare fokus på at det er kommunestyra som skal orientera fellesnemnda.

Kommunestyret vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Radøy kommune godkjenner Fellesnemnda for Alver kommune sitt framlegg til mandat og reglement for fellesnemnda.
